

## Lindås Kommune

v/ Sakshandsamar Byggesak  
Ingrid Bjørge Pedersen  
Kvernhusmyrane 20

5914 ISDALSTØ

Att. Personalbustad Dyrkolbotn / Arkivsak 15/3856 – 16/23653

Sørbøvåg, 29. desember 2016

## Søknad om dispensasjon frå avstandskrav til veg.

### Syner til fylgjande korrespondanse og møte i saka:

- Utsleppsløyve datert 2.9.16.
- Brev frå sakshandsamar datert 13.12.16.
- Synfaring på byggeplass den 20.12.16.

### Syner til fylgjande vedlegg:

- Utfylt søknadsblankett for søknad om dispensasjon frå byggegrense
- Kopi av gjeldande situasjonsplan for tiltaket og grunnlag for sak 15/3856 (16/23553 og 16/23653)
- Målsett plassering av anlegg til 5,3 m. frå kant til vegmidte
- Stikningsplan for anlegg basert på plassering 5,3 m. frå kant til vegmidte

**På vegne av tiltakshavar, Dyrkolbotn Fjellstove Leirskole og Gjestehus, og basert på §7 i PBL søkjer ein om dispensasjon frå §29 i veglova der opplyst avstandskrav er sett til 15 m. frå anlegg til vegmidte. - Ein søkjer om godkjenning for avstand sett til 5,3 m.**

### Bakgrunn for dispensasjonssøknad:

Omsøkt hovudprosjekt, ny personalbustad ved Dyrkolbotn Fjellstove, er omsøkt i byggesak 15/3856 og gitt løyve i sak 16/23653 samtidig med gitt løyve til utslepp i sak 16/23553. Plassering slik det no vert søkt dispensasjon for er synt i denne saka, nabovarsla og godkjend av Lindås kommune i sak. Etter gjennomgang av sak har sakshandsamar, i brev av 13.12.16, bede om ein formell dispensasjonssøknad, dette sender vi no inn for å få saka vidare til raskast mogleg avslutting.

Plassering av anlegg er tidlegare grunngeve i sak 15/3856, men ein kan tilføye at ei plassering som synt på kartvedlegg, vil vere den klart mest formålstenlege plasseringa for eit slikt anlegg på området A2, som igjen er føremålsvedtatt i plan til denne type anlegg. Anlegget som omsøkt vil vere eit nedgrave / nedskote og omfylt anlegg, der kun ein mindre del, ca. 0,4 m. høgde, vil komme over

planert og arondert område. Anlegget plassert slik som synt på vedlegg vil medføre at tekniske ledninger kan plasserast i randsona av område A2 og slik ikkje vere til hinder for seinare mogleg utnytting av dette området.

Alternativ plassering basert på veglova sitt krav om 15 m. avstand er synt på vedlegg, og underbygger desse opplysningane gitt i saka.

Med bakgrunn i at plassering er tidlegare omsøkt og godkjend i sak 15/3856 er nytt nabovarsel knytt til søknad om dispensasjon ikkje naudsynt.

Etter ansvarleg søker si vurdering er det her rett å sei at fordelane er klart større enn eventuelle ulemper knytt til dispensasjonssøknad.

-----

**Vi vonar de finn å legge saka til raskast mogleg vidare handsaming, basert på opplysningar gitt i dette brev m. vedlegg.**

**Dette til orientering.**

Med venleg helsing

**RYLAND BYGG as**

Jostein Ryland

Tlf. direkte: 99281401

E-post : jostein@rylandbygg.no

## SØKNAD OM DISPENSASJON FRÅ BYGGEGRENSE

Arbeida på eigedomen kan ikkje settast i gang før løyve frå kommunen er gjeve.

Tiltakshavar <i>DYRKOLBOTN FJELLSTOVE</i>	Tlf. <i>906 80100</i>
Ansvarleg søkjar/utførande <i>RYLAND BYGG A.S.</i>	Tlf. <i>99 28 14 01</i>
Byggeplassadresse <i>DYRKOLBOTN</i>	Gnr./bnr <i>247 / 10</i>
Vegstrekning <i>AVKØYRING E39 → DYRKOLBOTN</i>	Stad <i>DYRKOLBOTN</i>
Tiltaket ligg i område med reguleringsplan <input checked="" type="checkbox"/> Nei    (Søknaden vert handsama hjå Teknisk drift). Ja <input type="checkbox"/> Namn på planen: ..... (Søknaden vert handsama hjå Byggesak).	

### Søknad om dispensasjon frå byggegrensa langs kommunal veg.

- Det vert søkt om dispensasjon frå byggegrense som er 15 m frå midt kommunal veg.  
 Det vert søkt om dispensasjon frå byggegrense som er \_\_\_\_ m frå vegkant på regulert veg  
 Vedlagt følgjer grunngeving for særleg grunn i samsvar med PBL§7.  
 Naboar er varsla om at det er søkt om dispensasjon.  
 Vedlagt følgjer vedlagt kart/skisse i målestokk 1:500, med påteikna målsett tiltak, som viser avkøyrse.

Kva tiltak dispensasjonen gjeld (garasje, tilbygg m.v.).	<i>AVKØYRING AVLEGG</i> ..
Minste avstand frå planlagt bygg - til nabogrense mot veg	_____ m
Minste avstand frå planlagt bygg - til midt kommunal veg	<i>5,36</i> m

### Signatur

Eg er kjend med at vanlege fristar for handsaming ikkje gjeld før løyve til avkøyring er avklart.

Dato: <i>29/12-2016</i>	Tiltakshavar
-------------------------	--------------

Søknad motteke i Teknisk drift, Dato .....

- Uttale                       Søknad godkjent                       Søknad avslått

### Merknader/vilkår


- Det skal være mogeleg å snu på eige grunn.  
 Plassering av tiltaket må ikkje hindre sikt for andre trafikktilhøve på staden.  
 Tiltaket må plasserast slik at krav til sikt for eigen avkøyring vert teke vare på.  
 Tiltaket må plasserast \_\_\_\_\_ m frå ledningstracè.  
 Tiltaket må plasserast \_\_\_\_\_ m frå midt kommunal veg.  
 Anna:

Lindås Kommune, Teknisk drift    Dato..... sign. ....




Ryland Bygg AS  
6958 SØRBUVÅG  
Tlf.: 99 28 14 01

29/12-16



Dyrkolbotn Fjellstove- Ny personalbustad  
SITUASJONSPLAN  
29.04.2016  
Målestokk 1:500  
Medaas Oppmåling




Dyrkolbotn Fjellstove- Ny personalbustad  
Forslag endra plassering renseanlegg.  
16.12.2016  
Målestokk 1:500  
Medaas Oppmåling



Rylan Bygg AS  
6958 DYRKBOTN  
TIF.: 99 26 14 01

29/12-16



345



Dyrkobotn Fjellstove- Ny personalbustad  
Forslag endra plassering reinseanlegg.  
18.12.2016  
Maalestokk 1:200  
Medaas Oppmaaling



Nytt  
reinseanlegg